



Seksjon barnehage

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Saksansvarleg</i>	<i>Arkiv</i>	<i>Dato</i>
2014/2418	14526/2014	MOREIDUN	A10	05.12.2014

Melding om vedtak i levekårsutvalet 3.12.2014,sak 54/14

**HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I BARNEHAGELOVEN OG TILHØYRANDE
FORSKRIFTER**

Saksprotokoll i Levekårsutvalet - 03.12.2014

VEDTAK:

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande, men har ingen innspel til høyringssvar frå Ørsta kommune

Handsaminga(8 r.f.)

Reidun Mo, seksjonsleiar barnehage orienterte og svarte på spørsmål

Fellesframlegg:

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitende, men har ingen innspel til høyringssvar frå Ørsta kommune

Rådmannen si tilråding m/ending vart vedteke med 8 mot 0 røyster

Rett utskrift

Inger Johanne E. Løeng
Politisk sekretær



ØRSTA KOMMUNE

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Reidun Mo

Arkivsak: 2014/2418

Løpenr.: 14064/2014

Utvalsaksnr.

54/14

Utval

Levekårsutvalet

Møtedato

03.12.2014

Saka gjeld: **HØYRING - FORSLAG TIL ENDRINGAR I BARNEHAGELOVEN OG
TILHØYRANDE FORSKRIFTER**

TILRÅDING TIL VEDTAK:

Levekårsutvalet tek orienteringa til vitande.

Følgjande innspel vert tatt med i høyringssvaret frå Ørsta kommune:

.....
.....

Saksvedlegg: Ingen.

Saksopplysningar:

Kunnskapsdepartementet har sendt på høyring forslag til endringar i barnehagelova. I høyringsnotatet foreslår departementet følgjande endring :
Gi Fylkesmannen høve til å føre tilsyn med barnehagar
Presisering av barnehagen sitt arbeid med dokumentasjon og vurdering.
Omgrepet ”barnehagelærer” skal erstatte omgrepet ” førskulelærer.”

Høyringsbrev og høyringsnotat er å finne på regjeringa si heimeside
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer.html?id=1976>

Kunnskapsdepartementet forslår endring i følgjande paragrafar i lov om barnehagar:
§ 16: om tilsyn, §2: om barnehagens innhald, og §§ 17, 18 og 24: erstatte omgrepet førskulelærer. I tillegg foreslår dei endringar i forskrift om rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver i høve innføring av omgrepet barnehagelærer.

Gjeldande § 16 seier at kommunen skal føre tilsyn etter barnehagelova. Departementet ynskjer at kommunen framleis skal ha hovudansvar for tilsyn, men at også fylkesmannen i ”særlege tilfelle” skal ha høve til å føre tilsyn med einskildbarnehagar, ikkje berre med kommunen som tilsynsmynde.

Departementet ynskjer innspel på kva ”særlege tilfelle” kan vere. Vurderinga frå departementet er at det kan vere vanskelig for fylkesmannen å avgjere dette, og at det kan bli ulikt frå fylke til fylke. Barnehagen er ei pedagogisk verksemd, og kommunen er ein stor eigar. Frå Opplæringslova om tilsyn står følgjande: Det er Fylkesmannen som fører tilsyn med kommunar og fylkeskommunar. Samla skal tilsynssatsinga bidra til at kvar skule har eit opplæringstilbod som gir alle elevar, uavhengig av føresetnader, eit forsvarleg utbytte av opplæringa sett opp mot måla i Kunnskapsløftet.

Kvifor skal dette vere ulikt for barnehage og skule? Kvifor skal kommunen sjølv ha dette ansvaret når kommunen er ein så stor eigar sjølv?

Endring av sjølv lovteksten i § 2 er vanskelig å vere ueinig i. Men heile teksten er på høyring, også vurderinga frå departementet om dei ulike partane si rolle i høve innhaldet i denne paragrafen. Barnehageeigar si rolle er å lage gode rammer for pedagogisk arbeid, ikkje bestemme kva og korleis pedagogen skal utføre arbeidet sitt. Som pedagog skal ein få støtte og hjelp til å utøve kunnskap og skjønn i møtet med det enkelte barn og barnegruppa, ikkje få instruks for korleis arbeidet skal utførast. Høyringsnotatet forslår å endre på dette gjennom merknadene. Ei slik endring vil føre til at eigar kan velje system, verktøy og observasjonsmetodar i staden for å gi gode rammer som gir pedagogane og resten av personalet høve til å gjere ein god jobb i møtet med det enkelte barn og barn i gruppe. Pedagogane får i si utdanning kunnskap om ulike verktøy, og kan i dag velje dei som er til beste for barnet og barnegruppa ut i frå den kunnskap dei får i møtet med desse. Rammeplanen, som er ei forskrift, er klar og tydelig på kva som er barnehagen si oppgåve/ samfunnsmandat og gir personalet metodefridom i kva og korleis dei skal arbeide med til dømes vurdering og dokumentasjon.

Planlegging tar også utgangspunkt i observasjon av gruppa og av enkeltbarnet. Barn og foreldre sine høve til medverknad vert også tatt omsyn til. Dette vil vere vanskelig dersom det er eigar som skal bestemme dette.

Pedagogen sin rett til å bruke kunnskap og skjønn, i møtet med det enkelte barn, må takast vare på.

I gjeldande lov og forskrift om rammeplan for barnehagen, er det førskulelærer og førskulelærerutdanning som er nytta. På grunn av ny forskrift om rammeplan for barnehagelærerutdanning, må nytt omgrep innførast. Departementet skriv at dette berre er ei omgrepsendring som ikkje betyr noko realitetsendring. Endringa er kunn ei harmonisering i tråd med forskrifta for utdanninga.

Vurdering og konklusjon:

Regjeringa har starta på ei varsla endring av barnehagelov og rammeplan. Kommunen er ein stor barnehageeigar, og bør difor ta del i høyringar som departementet sender ut. Å kome med innspel på endringar som vil bety mykje både for barn og vaksne i framtidas barnehage er viktig. Den metodefridomen som lova gir i dag er viktig fordi det handlar om barn og om møtet mellom barnet og den vaksne der og då. I tillegg handlar det om barn og foreldre sin rett til medvirkning, som er ein sentral del både i lov og forskrift.

Ørsta, 27.11.2014

Wenche Solheim
Rådmann

Reidun Mo
Seksjonsleiar